



INTERESSELAGET FOR GALEAS GURINE  
Vangsvegen 13  
5470 ROSENDAL

Dato: 21.09.2016  
Vår ref.: 2016/671-34  
Saksbehandlar: irekron  
Dykkar ref.:

## Søknad om tilskot til restaurering av galeas Gurine

Vi har motteke dykkar søknad om støtte til restaurering av galeas Gurine. Vi beklagar at de ikkje har fått tilbakemelding tidlegare, men den ordninga de søkte til er utgått.

Hordaland fylkeskommune har hatt ei gjennomgang av og revidert søknadsordningane innan kulturfeltet. Søkjarar må søkje ei spesifikk søknadsordning, og vi ønskjer også at søkjarane bruker nettbaserte søknadsskjema.

Her finn du [meir informasjon om våre ulike søknadsordningar](http://www.hordaland.no/nn-NO/tilskot/): <http://www.hordaland.no/nn-NO/tilskot/>

Vi vurderer tilskotsordninga *Større kulturprosjekt med regional verdi* til kunne vere relevant for dykkar prosjekt. <http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-storre-kulturprosjekt-med-regional-verdi/>

Då vår tilbakemelding til dykk kjem seint kan vi tilby å overføre / legge inn dykkar søknad i ordninga *Større kulturprosjekt med regional verdi* som hadde søknadsfrist 1.september, eller anna ordning.

**Vi ber om rask tilbakemelding til [kultur@hfk.no](mailto:kultur@hfk.no) på om de vil at søknaden skal overførast / leggest inn i ordninga *Større kulturprosjekt med regional verdi* eller anna ordning, evt justeringar i søknad.**

Eventuelle spørsmål kan rettast til 55239185 eller

Ronny B Skaar  
Seksjonsleiar/utviklingssjef

Tone Stedal Haugland  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*